



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 05.09.2017
Vår ref.: 2016/9170-40
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.: «REF»

Tilleggs poeng ved inntak til Vg1 Idrettsfag

Vi ynskjer i haust å vurdere om dei ulike tilleggs poenga for inntak til Vg1 Idrett og Vg1 Musikk/Dans/Drama fungerer slik det er tenkt, og på ein rettvis måte.

Som kjent har ein dei siste åra nytta skalaen 3-5-7 poeng for tilleggs poenga. Tre poeng for fylkesnivå/krets nivå, fem poeng for nasjonalt nivå og sju poeng for internasjonalt nivå. Poenga blir tildelte på bakgrunn av dokumentasjon frå idrettskretsen.

Frå Inntakskontoret sin ståstad fungerer skalaen som er nemnt ovanfor godt. Det har heller ikkje blitt mottatt klager eller innspel på dette frå søkjarane. Truleg er grunnen til dette at kriteria er klåre, og enkle å forstå.

I praksis har tilleggs poenga hatt mest å seie for inntaket til Stend vidaregåande skule, men gjeld sjølv sagt for alle skulane.

På bakgrunn av dette ynskjer vi å få ei tilbakemelding frå skulane, gjerne ei samla melding dersom dette er mest praktisk, på om ein ynskjer at noverande poengskala skal halde fram eller om ein ynskjer ein anna skala, og/eller ei tydeleggjering av kriteria på kvart poengnivå.

Vi ber om at skulane sine tilbakemeldingar blir sende på e-post til inntaksleiar innan 1.oktober.

Med helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

